

Europaparlamentet vedtok resolusjon om å fryse medlemskapsforhandlingane med Tyrkia

Europaparlamentet vedtok i 24. november 2016 med 479 mot 37 røyster og 107 blanke ein resolusjon som tek til orde for midlertidig stans i forhandlingane med Tyrkia.

Europaparlamentet skriv i si [pressemelding](#) at standpunktet vil bli revurdert når dei urimeleg undertrykkande tiltaka som er innført i landet, blir fjerna.

Resolusjonen er ikkje rettsleg bindande for EU sidan stans i medlemskapsforhandlingane kan berre skje med bakgrunn i ei tilråding frå Kommisjonen som Kommisjonen sjølv eller ein tredel av medlemslanda kan ta initiativ til.

Om debatten 23. november

- *Det synes bli eit klart fleirtal i Europaparlamentet for å ta til orde for å fryse medlemskapsforhandlingane med Tyrkia. Avrøystinga er i morgon føremiddag.*
- *Kommisjonen er i mot eit slikt vedtak og meiner det er viktig å vidareføre dialogen med Tyrkia. Også parlamentspresident Schulz skal ha dette synet. Bak dette ligg mellom anna uro for effekten på semja med Tyrkia om migrasjon.*
- *Det er opp til medlemslanda å eventuelt gjere formelt vedtak om å fryse forhandlingane. EUs stats- og regjeringssjefar skal drøfte situasjonen i Tyrkia på toppmøtet 15. og 16. desember i Brussel.*
- *Parlamentet har også med knapt fleirtal vedteke resolusjon om sterkare forsvarssamarbeid i EU, men sagt det skal skje i fullt samarbeid med NATO.*

Eit tap både for EU og for Tyrkia om vi fryser medlemskapsforhandlingane med Tyrkia. Det sa EUs høgrepresentant for utanrikssaker, Federicia Mogherini, i går i eit forsøk på å overtale Europaparlamentet til ikkje å vedta ein resolusjon som tek til orde for nettopp dette. Tyrkia står ved eit vegskilje og EUs tilhøve til Tyrkia er også ved eit vegskilje. EU må vidareføre kontakten med landet og sikre at vi ikkje gir frå oss det verktøyet som medlemskapsprosessen er for å sikre eit visst inngrep sa ho. Vi treng dialog med Tyrkia av mange grunnar, inkludert av omsyn til migrasjonssituasjonen, situasjonen i Midt-Austen og fredsprosessen på Kypros. Europarådet er også viktig for å sikre dialog om menneskerettar. Vi treng meir og ikkje mindre kontakt med Tyrkia avslutta ho.

Trass Mogherinis appell, gjekk nesten alle som hadde ordet i den etterfølgjande debatten inn for å fryse medlemskapsprosessen eller avslutte den heilt. Mange viste til at utviklinga etter kuppforsøket hadde gått i heilt feil retning og at overreaksjonen frå Erdogn må få følgjer. Alle dei politiske gruppene har lagt fram [utkast til resolusjonstekstar](#) som reflekterer dette. Parlamentet skal røyste over spørsmålet torsdag føremiddag og gruppene forhandlar i dag om kompromissformuleringane.

Tyrkia er nå verre enn Myanmar, sa gruppeleiaren i sentrum-høgregruppa EPP, Manfred Weber i debatten i går. Tyrkia er ein viktig alliert og handelspartner. Tyrkia eksportert 10 gonger så mykje til Europa som til Russland og Kina til saman. Det er da uforståeleg at Erdogan prøver å spele Kina og Russland ut mot Europa. Han viste til at landet har

nullvekst og at både EUs pengestøtte er viktig for landet. EU må også gjere det heilt klart av gjeninnføring av dødsstraff vil bety at EU-medlemskap er uaktuelt.

Gianni Pittella frå sentrum-venstre gruppa (S&D) slutta seg til Weber. Vi må fryse forhandlingane, men målet er å ta dei opp att så snart som mogleg, sa han. Dette vil krevje respekt for demokrati og menneskerettar.

Også Guy Verhofstad frå den liberale gruppa (ALDE) gjekk inn for frys. Vi veit kva Tyrkia vil ha sa han: Visumfridom, økonomisk støtte, EU-medlemskap og ingen kritikk av interne tilhøve. Vi kan ikkje late som forhandlingane er ein open og fungerande kanal for dialog i dagen situasjon. Om vi ikkje reagerer gjev det også ei merkeleg signal til dei liberale kreftene i Tyrkia sa han. Han ga generelt uttrykk for uro over at EU nå er omringa av ei rekkje autokratar og at både dei og den nyvalde amerikanske presidenten er ute etter å svekke europeiske verdiar mellom anna mellom støtte til ytre høgre parti i mange europeiske land. Dette må vi kjempe mot.

Også Takis Hadjigeorgiou frå ytre venstre gruppa (GUE/NGL) og Rebecca Harms frå Dei grønne tok til orde for å fryse forhandlingane. Harms sa det er viktig å vere tydelege overfor Tyrkia kva som er kriteria og at desse legg fast. Samstundes må vi halde dialogen oppe sa ho. Desse to og andre medlemmer av dei to gruppene gjekk samstundes inn for at EU må trekke seg ut av semja med Tyrkia om migrasjonskontroll. Europa må og kan handtere situasjonen på ein verdig og betre måte aleine vart det mellom anna sagt. Ska Keller (som skal ta over som ein av to talspersonar frå Dei grønne etter Harms) sa hennar grupper ikkje kan støtte ei reforhandling/ utviding av tollunionen mellom EU og Tyrkia i dagens situasjon. Martine Michelis frå GUE/NGL tok til orde for at det må bli slutt på våpeneksport frå EU-land til Tyrkia.

Syed Kamall frå den konservative gruppa ECR sa hans grupper har både tilhengjarar, tvilarar og motstandarar i spørsmålet om tyrkisk EU-medlemskap. Uansett er det nå på tide å vere ærlege mot Tyrkia. Medlemskap er ikkje aktuelt nå og EU må byggje ein ny type partnerskap med landet enn det ein har i dag. Han understreka at dialog er viktig av mange grunnar og at EU ikkje må dytte Erdogan mot Putin eller inn i eit hjørne.

Dei to ytre høgre gruppene EFDD og ENF tok begge til orde for å stanse forhandlingsprosessen heilt. EFDD som mellom anna har medlemmer frå den italienske femstjernerørsla, synes likevel å ha eit litt mindre sameint syn enn ENF. Medlemmer av ENF sa EU hadde avslørt sin dobbeltmoral ved å inngå ei semje om migrasjonssamarbeid med landet, men at det nå ikkje er godt nok for anna samarbeid. ENF nytta høve til å ta til orde for å avvikle semja og å overlata grensekontroll og asylpolitikk til kvart enkelt land i EU.

Tre representantar i den lange debatten –Kukan (EPP, Slovakia), Ali (ALDE, Bulgaria) og Van Orden (ECR, Storbritannia) – gjekk i mot å fryse forhandlingane og sa det ville vere kontraproduktivt og strategisk feil.

Mange av dei som hadde ordet sa EUs truverde står på spel om ein ikkje reagerer, men det vart også understreka at dialogen med landet må vidareførast. Det var mange som sa det er viktig å ha klare kriterium for kva som skal til for at forhandlingane skal kome i gang igjen. Mange representantar, spesielt frå ytre høgre, tok til orde for også å stanse

den støtta EU gjev til å førebu medlemskap. Medlemslanda vart kritiserte for ikkje å vise ryggrad. Kommisjonen fekk også kritikk for ikkje å ta konsekvensen av eigne funn i den siste [statusrapporten om forhandlingsprosessen](#) med Tyrkia som kom 9. november.

I ein del av innlegga kom det svært harde skuldingar mot Tyrkia. Dette omfatta rolla til Tyrkia på Kypros og at landet trugar grensene til Hellas. Det vart også hevda at tyrkiske styresmakter ynskjer å bruke fiktive fangeopprør til å gjennomføre regelrette avrettingar eller skjuler tortur med fingerte sjølv mord.

Eit par innlegg viste til at visepresident i kommisjonen Frans Timmermans i eit intervju har sagt at enkelte amerikanske rapportar kan peike på at Gülen-rørsla var involvert i kuppforsøket. Kommisjonen fekk spørsmål om kva rapportar dette var og om Timmermans hadde gitt uttrykk for Kommisjonens syn i intervjuet.

Utvidings- og nabolagskommissær Johannes Hahn sa i sitt sluttinnlegg at EU veit kva som er målet: At Tyrkia igjen skal basere seg på rettsstatsprinsipp. Dette er også i tyrkisk interesse fordi utviklinga nå gjev ustabilitet både internt i Tyrkia og områda rundt. EU må vidareføre medlemskapsprosessen fordi dette sikrar eit visst inngrep med landet. Dette er ikkje eit uttrykk for støtte til Erdogan, men viktig for å støtte det tyrkiske folket sa han. Hahn viste til [konklusjonane frå EUs utanriksministermøte 14. og 15. november](#) der medlemslanda var samde om å vidareføre den politiske dialogen med Tyrkia. EUs medlemsland er klare til å ta det drastiske skrittet som frys i forhandlingane vil vere sa han. Hahn kommenterte elles ikkje påstandane til Timmermans i sitt sluttinnlegg i debatten.

EUs stats- og regjeringsjefar skal elles drøfte situasjonen i Tyrkia på møtet i Det europeiske råd 15. og 16. desember.

Denne veka har elles Europaparlamentet vedteke – med nokså knapt fleirtal – ein resolusjon som tok til ordet for [sterkare forsvarssamarbeid i EU](#). Resolusjonen understrekar likevel at dette må skje i fullt samarbeid med NATO. Europaparlamentet drøfta også situasjonen i Syria og på Vestbredden i Israel. EU har ikkje noko å skamme seg over i Syria sa EUs høgrepresentant Mogherini og viste til at det er andre land som er årsak til at fredsprosessen ikkje kjem vidare.

Kommentar:

Resolusjonen om Tyrkia har vore det store samtaleemnet i Strasbourg denne veka. Det er venta at den endelege resolusjonen vil vere ei syntese av utkasta til EPP og S&D, eventuelt med ein del moment frå ALDE sitt framlegg. Det er stor avstand mellom Kommisjonens og Parlamentet i spørsmålet om å fryse forhandlingane. Ut i frå debatten i går synes det vere eit klart fleirtal i Parlamentet for å gå inn for å fryse forhandlingane.

Parlamentspresident Schulz skal i utgangspunktet ha prøvd å unngå ei avstemming om frys i forhandlingane nå. Bak hans og Kommisjonens haldning ligg uro for at eit slikt signal saman med manglande framdrift i spørsmålet om visumliberalisering, vil kunne bli brukt som påskott frå tyrkisk side for å gå vekk frå semja om migrasjonshandteringa. Dersom EU skulle fryse forhandlingane, er også spørsmålet kva reaksjonen skulle vere mot Tyrkia dersom situasjonen blir ytterlegare forverra.

Mange tenkjer med skrekk på dei humanitære og politiske effektane i Europa dersom semja med Tyrkia skulle ryke og straumen av flyktningar til Hellas igjen skulle nærme seg nivåa i 2015 og tidleg i 2016. Samstundes er det opp til medlemslanda å eventuelt gjere formelt vedtak om å fryse forhandlingane. Erdogan er også klar over dette, men det er venta han vil utnytte vedtaket i internt i Tyrkia. Han sa i ein kommentar i går at avrøystinga er irrelevant, men samstundes at dette viser at Europaparlamentet støttar terroristane i PKK.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no